

SAKSPROTOKOLL

HANDSAMING I FORMANNSKAPET 31.10.2017:

Representanten Magne Skartveit sette fram slikt framlegg om presisering av punkt 1:

«Tysnes kommune skal ha tilbod om vigsel til eigne innbyggjarar og personar som ikkje er busett i Noreg, men som fyller vilkåra for å gifta seg her, måndag til fredag mellom kl. 09:00 og 15:00.»

Ved avrøysting slutta formannskapet seg samrøystes til innstillinga med presisering av punkt 1 sett fram av Skartveit.

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 31.10.2017:

1. Tysnes kommune skal ha tilbod om vigsel til eigne innbyggjarar og personar som ikkje er busett i Noreg, men som fyller vilkåra for å gifta seg her, måndag til fredag mellom kl. 09:00 og 15:00.
2. Kommunestyresalen skal nyttast som vigslingslokale. Det vert innarbeidd rom for opprusting av salen i budsjett for 2018 med ei estimert kostnadsramme på kr. 130.000.
3. I tillegg til ordførar og varaordførar, får rådmannen fullmakt til å gjennomføra vigslar med verknad frå 1. januar 2018.
4. Tysnes kommune ønskjer å kunna tilby vigsel for innbyggjarar i andre kommunar. Rådmannen vert beden om å leggja fram ei sak med retningsliner for betaling for slike vigslar innan utgongen av året.
5. Tysnes kommune vil vurdera om det er behov for å kunna gje tilbod om vigslar utover ramma for tid og stad dersom det vert naturleg.